REFERAT FRÅ FAUMØTE FOR VIKE MONTESSORISKULE
Vike Montessoriskule, 27.11.2024 kl. 19.30-21.00

Desse møtte:
Torgeir Hellebust, Mikal Villa, Bård Olav Hjelvik, Kathrine Rødal, Jon Osdal, Magnus Nerheim, Ranja Hjelvik og Malin Balstad

Sak 9/2024: Info frå rektor, Bård Olav:

Bård Olav fortalte litt om kva dei har arbeidet med i haust og skal arbeide med videre, blant anna:

- Ranselpost/ e-post om ein innhaldsrik desember.
- Personalet var på eit lærerikt Montessorikurs 1. november. Temaet var Ansvar med frihet i klasserommet.
- Skulen har fokus på å utvikle kompetanse for å møte skulekvardagen med elevar som har særskilte behov, som blant annet ADHD, Tourettes osv.

Sak 10/2024: Julefrukost – Påmelding/organisering

- Torsdag 19.11.24 frå klokka 08.30 (dei som skal hjelpe til må møte 07.15/07.30).
- Mikal har hovudansvaret for organisering av julefrukost, han har med seg blant annet Kathrine og Ranja.
- Bård Olav vil sende ut infoskriv til alle føresette, angåande påmelding og om nokon føresette kan hjelpe til.
- Foreslått at 7. klasse kan hjelpe til med førebuing (sette ut bord/stolar) og kanskje bake rundstykke?
- Skuleelevane vil få utdelt sjokolademjølk/juice som dei vanlegvis skal få på fredagen. Elles blir det servert mjølk, kaffi og te til drikke.
- Tek utgangspunkt i det skulen har vanlegvis til lunsj, supplerer med litt ekstra. Forslag:
    - Havregrynsgraut
    - Eggerøre
    - Spekemat
    - Laks
    - Rødbetsalat
    - Frukt
    - Rundstykke (om ikkje 7. klasse bakar)

  NB! Bård Olav og Mari Lindset tek ansvar for berekning av mengde mat.

- Malin skal høyre med Vike Helselag om dei har anledning til å stille med steiking av sveler. Kanskje kan vi få til eit samarbeid med Vike Helselag for seinare arrangement av påskefrukost/julefrukost.

Sak 11/2024: Status/info gapahuk i Gjermundnesskogen

- Jon har innhenta teikningar frå Sunnmøre Friluftsråd. Desse teikningane har vært utgangspunktet for gapahuken som har blitt satt opp ved Helland skule. Dette er ein flott og stor gapahuk og vi ser at dette kunne vært eit godt utgangspunkt for den som er ønska i Gjermundnesskogen.

- Forslaget på gapahuk er noko større enn tidlegare omtalt. Katrine vil derfor ta med seg teikningane, legge fram for grunneigar Kjell Ottar Gjermundnes og høyre om løyve for bygging framleis er aktuelt.
- Bård Olav vil sende ut ein e-post til føresette, høyre om nokon er interessert i å bli med i ei prosjektgruppe.

Sak 12/2024: Orientering/ drøftingssaker

- **Elevkveld:** Det har dessverre blitt lite strukturerte aktivitetar – dei fleste elevane endar opp med fri aktivitet i gymsalen. Det er ikkje alle utnemnte føresette i ansvarsgruppa som møter opp på planleggingsmøtet og sjølve elevkvelden.

  På neste møte skal vi diskutere og komme fram til korleis vi vil løyse denne problemstillinga.

- **Neste møte:** veke 9, onsdag 26. februar 2025 klokka 19.30

Skrivar: Malin Balstad